



Strykeorkester 3, med Saima L. Døssland nærast, hadde to flotte nummer til opning av konserten.

**Kulturskulen er no inne i avslutningsveka på skuleåret, og det betyr at konsertane kjem som perler på ei snor. Det starta på Halsnøy mandag, fortsette på Husnes i går og i kveld var det i Rosendal samfunnshus vi kunne høyra flinke kulturskuleelevar. I morgon, torsdag, set dei punktum for avslutningskonsertane i denne omgang med to konsertar på Husnes.**

Konserten i Rosendal samfunnshus fekk ein svært stilfull og vakker opning då Strykeorkester 3 i kulturskulen framførte to stykke under leiing av dyktige Olena Pasichnyk. Her fekk vi høyre James Curnow sin Whirlwind og Halleluja av Leonard Cohen i flott samspel mellom 12 fioliner, 3 celloar, flygel og rytmeinstrument. Desse er komme langt på instrumentet sitt, og det høyrdest! Dermed var tonen sett, og det forsette i same oppløftande stilen.

Vi fekk høyre nummer framført av ensemble og grupper, duettar og solostykke spela på ulike instrument. Her var det piano og gitar, vakker song og messing, fleire strykarar og rockegruppe. Underteikna vart imponert over kvaliteten. Svært kjekt var det å høyra korleis einskildedelevar og grupper hadde utvikla seg siste halvåret frå julekonserten. Dette merkast nok aller mest på dei yngste, men det er også grunn til å vera storleg imponert over kvaliteten dei som har vore tolmodige og har vore elevar lengst, har nådd. Det krev tolmodighet og mykje øving å verta skikkeleg god på eit instrument.

Eli Haugan i kulturskulen ovverrekte velfortente diplom til to elevar for lang fartstid i kulturskulen. For å få den, må ein vera elev til ein er ferdig med vidaregåande, eller til ein må flytta frå kommunen for å gå vidare på skule. Ein må minimum ha vore elev i 5 år. Til saman var det 9 elevar som fekk denne diplomten dette året. Kari Eide har vore elev i heile 11 år sidan ho byrja på musikkleik. I kveld gav ho oss eit av dei absolutte høgdepunkta då ho framførte Bach sin avanserte Konsert i d-moll for to fioliner i samspel med læraren sin, Olena Pasichnyk. Også Eivind Bjørnebøle (son til Marianne Lyngnes Bjørnebøle som var styrar i barnehagen her) mottok diplom. Han har utvikla seg til ein svært dyktig gitarist etter å ha vore elev i 7 år. Han har også ei litt yngre søster,

Åshild, som imponerer både med songstemma og gitaren. Desse eldste elevane set ein standard som er flott for dei yngre å strekkja seg etter.



Flink gitargruppe, Karsten H. Bjørnebøle(f.v.), Tora Helen L Eikeland, Fredrik S. Haugland og læraren Ingvald Nilsen-Nygaard framførte 3 nummer.



Simon Taranger(f.v.), Karsten H. Bjørnebøle, Jonathan Taranger og Sander Øye Eikenes framørte også 3 fine nummer saman med læraren sin.



Ingrid Klyve(nærast) og Aslaug Siqveland imponerte med Bulldog Blues i firhendig pianospel.



Torbjørn Haugland kom flott frå soloframføringa si av Askepott.



Messinggruppa med Nils Rainer Vågen nærast, har hatt flott utvikling siste halvåret.



[Kari Eide og Eivind Bjørnebøle mottok velfortente diplomar frå Eli Haugan.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland